



Lærdal, 14.06.2020

Valdansvarlege

Vår ref.  
20/353-19

Dykkar ref.

Sakshandsamar  
Knut Fredrik Øi,

Arkiv  
K2-K40

## Informasjon om hjort- og elgjakta i Lærdal kommune 2020

I det følgjande har me oppsummert hovudpunkta knytt til hjort- og elgjakta i 2020. Informasjonen vert sendt ut på e-post slik at det er lett for dykk som valdansvarlege å senda vidare ut til grunneigarar og jegerar i dykkar vald. Informasjonen vert også sendt ut i brevform, med det formelle fellingsløyvet (som skal fyllast inn og leverast etter endt jakt).

Det er framleis spanande tider for hjorteviltet og oss som lever med og av dyra. Alle 15 kommunar i Nordfjella-regionen er bedt om å redusera bestandane av hjort og elg til under halve storleiken av 2016-nivået. Dette for å hindra at skrantesjuka får fotfeste i hjort- og elgbestandane. Lærdal kommune er kanskje den kommunen som har kome lengst i å redusera bestanden av hjort. Veldig bra jobba! Det er grunn til å vera stolte av jobben som er gjort so langt. No er truleg også Lærdal den kommunen som det er viktigast å få redusert bestanden i, grunna tettast bestand og store areal i Nordfjella sone 1.

Det er ikkje påvist smittsam skrantesjuka på korkje hjort eller elg kring Nordfjella. Dette er godt nytt, og jo lenger tid det går og dess fleire dyr som vert testa, dess sikrare vert me på at skrantesjuka ikkje allereie har smitta over til hjort/elg. Men fordi me fryktar at smittsame prionar framleis er i miljøet som villreinen har nytta, lyt me fortsetta med bestandsreduksjon enno nokre år. Uansett ser det førebels ut som me er på veg til å utrydda sjukdommen.

Jegerane i Lærdal har vore utruleg flinke til å få felt mykje hjort og elg dei siste to åra. Me trur kanskje at bestanden no er redusert med kring 35% i høve 2016-nivået. Me må likevel halda trykket oppe endå eit par år før me har den tettleiken som er tilrådd.

I punkta under prøver me å lista opp viktig informasjon for jakta til hausten. Om det er spørsmål, er det berre å ta kontakt!

### Kvoter

Ny bestandsplan for 2020-23 vart godkjent våren 2020. Denne legg føringane på løyvetildelinga og planlagt felling. Målet er 550 felt hjort denne hausten. Vedlagt er ein oversikt over tildeling til dei ulike valda, både for hjort, elg og rådyr. Dei valda som er medlem i Lærdal bestandsplanområde for hjort kan bruka fellingsløyva frå heile planperioden uavhengig av år. Målet er å fella meir hjort denne hausten, og det er truleg då lurt å bruka nokre fellingsløyve frå 2021 og 2022 allereie fyrste hausten. Dette gjeld kun for hjort.

Fordeling på felling har aldri vore så god som i 2019. Veldig bra jobba! Om alle valda tek utgangspunkt i fellinga i fjor, og så i tillegg feller nokre kalvar og ungdyr meir, burde fellingsresultatet i Lærdal denne hausten verta veldig godt! Hugs at felte bukkar ikkje skal utgjera meir enn 10% av fellinga i valdet. Kalvar og ungdyr kan med fordel utgjera meir enn

60% av fellingane. Me har grunn til å tru at dødelegheiten dei siste 2 vintrane har vore låg, så tilveksten er truleg god. Om me skal klara å redusera bestanden endå litt meir, lyt me også ta litt fleire koller enn kva mange kanskje tykkjer er «greitt».

Sjølve bestandsplanen for hjort i Lærdal kommune vert lagt ut her ein av dei fyrste dagane:  
<https://www.laerdal.kommune.no/laerdal-bestandsplanomraade-for-hjort.386223.no.html>

### **Jakttid**

Kommunan kring Nordfjella har utvida jakttid på elg og hjort. Den formelle jakttida er 15. august-31. januar. Det er fredning i jula. Lærdal bestandsplanområde oppmodar til at jaktinga fyrst og fremst skal føregå før jul. Difor burde alle valda sikta på å gjera seg ferdige med fellingane i god tid før jul. Om me ser at det er eit stykke igjen til målet om 550 felte dyr, vil me informera om trongen for ytterlegare felling. Då også om kva slags dyr det er ønskjeleg å få felt.

### **CWD – prøvetaking**

Alle felte dyr som er vaksne skal jegerane ta prøve av sjølv (altså ikkje kalvar og 1,5 åringar). Jegerane tok veldig bra med prøvar i fjor, bra jobba! Prøveresultatet er svært viktige for vegen vidare. Info og utlevering av prøvemateriell skjer som i fjor, på jegermøte i august og i kassa hjå Magne Eri. All generell informasjon om CWD er samla på:  
<http://www.hjortevilt.no/skrantesjuke/>

### **Kjeveinnsamling**

Det skal vera kjeveinnsamling i kommunane kring Nordfjella. Alle kjevar frå hjort og elg som er 1 år eller eldre, skal leverast i kassa hjå Magne Eri. *Det er altså kjevar frå ungdyr og vaksne dyr som skal leverast.* Kjevane må vera reinskjært og turka. Kjevane merkast med merkelappen som er å finna i posen for CWD-prøvetaking. Merk CWD-prøven med klistrelappen, og kjeven med den «store lappen».

### **Jegermøte**

Me tek sikte på å ha eit jegermøte i august. Det er mykje info og sikkert ein del spørsmål. Info om dato og stad for møtet kjem seinare.

### **Helikopter**

Me jobbar for å få til ei vidareføring av tilbodet om utflyving av slakt frå hjort- og elgjakta. Info om dette kjem når me veit meir.

### **Sal av slakt**

Ordninga med mottak av slakt på Håbakken er avslutta. Det har dei siste 2 åra vorte levert få slakt hit. Men det er framleis mogleg å selgja slakt. Ein lyt då avtala med Haugen gardsmat i Flåm v/Odd Ohnstad. Telefonnummeret til Odd er 915 39 026.

### **Sett-og-skutt**

All jakting skal registrerast på Hjorteviltregisteret. Det er viktig også å registrera jaktdagane utan felling eller observerte dyr. Registreringane gjerast enten ved å logga deg inn på [www.hjorteviltregisteret.no](http://www.hjorteviltregisteret.no) eller ved å lasta ned settogskutt-appen. Registreringane fungerer no veldig bra og gir oss moglegheit til å følgja med på fellingsresultatet undervegs i jakta, slik at me kan informera om status og måloppnåing. CWD-prøvene skal også registrerast her. Prøvesvaret finn de på hjorteviltregisteret under «Helse»-fana.

- **Viktig:** I 2018 vart det gjort nokre endringar på korleis jegerane skulle registrera jaktinga si på settogskutt. I korte trekk var endringa den at alle observerte dyr skulle registrerast, uavhengig av om dyret med sikkerhet var sett fleire gonger/av andre. Me

trur ikkje mange fekk med seg denne endringa, fordi det ikkje var godt marknadsført. I tida no er sett-hjort-registreringane viktigare enn nokon gong fordi me på den måten kan følgja med på endringane i bestanden opp i mot målet om reduksjon. Ei endring i måten å føra på er difor uheldig fordi det vert vanskelegare å samanlikna tala mellom åra. Difor har me beslutta at me IKKJE VIL FØLGJA endringa som det er lagt opp til i føring av sett-hjort. Alle jegerar i Lærdal skal altså føra sett-hjort som før, og ikkje ta hensyn til endra instruks! Ergo, registrer sett-hjort som «vanleg»!

### **Human jakt**

Sjølv om det er ambisiøse mål om høg felling, er det viktig at de tenkjer sikkerheit og human jakt når de er ute. Skyt kalven før kolla! Hugs plikten til å ha tilgang på ettersøkshund – og bruk hunden når uhellet er ute! Her har me ein del å gå på!

### **Merka hjort**

Det er framleis hjort som er merka med GPS-halsband. Ingen av dei merka dyra bør skytast i jakta. Om du skulle vera uheldig å fella ein merka hjort, ta kontakt med underteikna, så ordnar me saken. Klavane er utstyrt med sokalla «drop-off» som gjer at klavane fell av ved tomt batteri.

### **Samarbeid**

Dei valda som er medlem i bestandsplanområdet har moglegheit til å flytta løyve mellom valda, og mellom åra i bestandsplanperioden. Dette er brukt i ein viss utstrekning, men det er mogleg/ønskjeleg å nytta dette endå meir. For å flytta løyve mellom åra i planperioden trengs det ingen avtale. Eit vald som, til dømes, har 5 løyve kvart år i planperioden, kan godt fella, til dømes, 7 hjort fyrste året. Alle fellingane skal meldast inn i fellingsrapporten det året dei er felt. For å flytta løyve mellom vald, må valda ha ei skriftleg avtale om samjakt. Ferdig formular ligg på heimesida til kommunen. Det valdet som får fellingsløyvet tildelt, skal rapportera resultatet, uavhengig av om løyve er nytta på eit anna vald. På settogskutt registrerer jegerane fellinga på det valdet som dyret vart jakta på. Fellingsavgifta vert fakturert valdet som fekk løyvet. Det som truleg vil vera begrensande for jaktuttaket til hausten er jegeranes tilgjengelege tid til å jakta. Dei valda som «føler seg ferdig» med å jakta i løpet av hausten og som har mykje dyr i terrenget, bør vurderer om dei kan slippa fleire jegerar inn i terrenget. Dette kan gjerast anten ved at jegerar har med «eigne fellingsløyve» eller at fleire jegerar kan koma inn og jakta på dei løyva som er gitt det aktuelle valdet. Dei merka hjortane fortel oss at dyra nyttar mange vald i løpet av året. Dei dyra som ein kanskje opplever som «eigne dyr», flytter seg oftast mykje, både i løpet av døgeret og sesongen.

### **Fellingsavgift**

Avgift ved felling i 2020 er som følgjande:

<b>Fellingsavgift:</b>	<b>2020</b>
Hjort ≥ 1,5 år	411
Hjort kalv	169
Elg ≥ 1,5 år	537
Elg kalv	218

Skitt jakt!

Med helsing

Knut Fredrik Øi  
sakshandsamar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

**Vedlegg:**

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
14.06.2020	Tildeling av fellingsløyve for hjort, elg og rådyr - Lærdal kommune 2020	167025
14.06.2020	Tildeling av fellingsløyve for hjort, elg og rådyr - Lærdal kommune 2020	167020
14.06.2020	Lærdal elgvald_2020	167021
14.06.2020	Lærdal rådyrvald 2020	167022
14.06.2020	Lærdal løyvetildeling hjort 2020 - vald med bestandsplan	167023
14.06.2020	Lærdal løyvetildeling hjort 2020 - vald utan bestandsplan	167024